

Aktivitetsplan

Turområdet Solendfjellet-Nøttveitveten-Morkefjellet er det mest nytta turområdet i kommunen. Turboka på Nøttveitveten viser at det dei siste åra har vore kring 14 000 personar som har skrive seg inn i boka. I tillegg kjem dei turgåarane som ikkje skriv seg inn i boka, og dei som går på Morkefjellet og ikkje på Nøttveitveten. Ordninga med turboka skal halda fram.

Manger IL har i over nærare 30 år arrangert Trefjellsmarsjen frå Manger til Solendfjellet, Nøttveitveten, Morkefjellet og attende til Manger.

Skulane og barnehagane i nærmiljøet nyttar området aktivt.

Det er lagt ut geocachar langs løypa.

Det er plass til å parkera på Manger og på Solendfjellet. I tillegg er det plass til eit par bilar på Morken.